



Balansen mellom dei vakre tonane frå mannskoret LJOM og Marianne Juvik Sæbø gjer at det vert ein fullkommen konsert i Stolmen kyrkje.

Elegant kvalitet

Marianne Juvik Sæbø og LJOM mannskor har mykje å leva opp til, når dei kjem til Stolmen kyrkje for å strekja på stemmebanda.

– Er det folk her? spør Inge Halstensen i det han skal ynskja folket velkommen til kveldens og årets kystsogekonsert i stolmakyrkja med Marianne Juvik Sæbø og LJOM mannskor. Og folk er det. Utan at eg heilt klarar å styra det, har eg forventningar, høge òg. Det er berre noko med det. Etter at eg var på julekonsert her i fjor, har denne kyrkja vorte knytt til ein plass der både musikk og stemningsrik kvalitet høyrer heime. Eg skreiv mykje godt den gong, og alle orda mine står eg inne for den dag i dag. Men eg kjenner på det at det påverkar forventningane til ein ny konsert her ute, trass i at eg ikkje har forhold til verken Marianne eller koret frå før. Sist Marianne hadde ein konsert her, var eg nemleg ikkje fødd. For 20 år sidan, på den fyrste kystsogekonserten i gudshuset.

– Me hadde ein heilt magisk kveld, og no er ho attende, seier Inge Halstensen i det han presenterer artisten. Inn kjem mannskoret på rekke og rad.



Det var eit solid mannskor, Marianne hadde teke med seg når dei syng konsert i Stolmen Kyrkje.

– Ah-Ah-Ah, syng dei i mørke tonar. I stor kontrast til dei tunge, men kraftige tonane, kjem dei lyse badande inn frå bakarst i kyrkja. Marianne kjem gåande inn, nærast som ein engel. Med sin lyse kjole, lyse hår og ei stemme som utfyller koret på ein heilt spesiell måte. Det er nesten som at julekjensla berre stormar mot meg. Eg noterer meg det i flause.

– Denne songen har me henta frå den vakraste julefilmen, sidan vëret tilseier julaften på Askøy, humrar artisten som er askøyværing til eit lattermildt publikum. Marianne set seg ned, medan LJOM får hovudfokus i lita stund. Ein mann med namn Åge er solist til songen *You Raise Me Up*. Det er fint

å høyra på og trass i at stemma er mørk og kraftig, oppfattar ikkje øyra ein sur lyd.

Mållaus

Når Marianne bidreg musikalsk igjen, er det noko som skjer. Sambandet mellom Marianne sine tonar og koret sine, heng ikkje heilt på greip. Det er for godt til å vera sant. Eg klarar på ein måte ikkje å setja fingeren på kva det er. Det er nesten unaturleg. Det einaste eg kan klara å beskriva det med, er at det er vakkert. Fleire ord har eg ikkje å nytta. Dei gode, naturlege pausane hennar mellom kvar song, er ein fin og naudsynt måte å få plassert inntrykka på etter songane.

– Eg har alltid brukt å be ei



Inge Halstensen og Lars Knut Aarland er begge einige om at Stolmen kyrkje er Austevoll si finaste.

velsigning til ungane mine kvar kveld, etter at dei har lagt seg. Eg går inn, legg ei hand på dei og ber. Eldste sonen min har vore mykje på reis og har i lengre periodar blant anna vore i Amerika og Australia. Så når eg skulle be velsigninga for dei andre ungane mine, på 10 år og oppover, klarte eg ikkje dy meg. Eg måtte inn og be for eldste sonen min. Då heldt eg ei hand over han og skjona at det er ei tid for alt. Kva er det du held på med? skvatt sonen min opp, seier ho til eit latterfullt publikum. Neste song, handlar dermed om velsigning. Det verkar nemleg som at kvart innslag er gjenomtenkt. Ho gjev ei grunngeving før ho syng songane, noko som bidreg til eit sterkare band

for oss i publikum til tekstane.

Gåsehud

Eg veit ikkje om det hjelper at eg set musikken til Andrea Bocelli og Céline Dion høgt, men når Marianne syng songen *The Prayer*, vert både eg og andre mållaus. Ho held dei høge tonane klokkeirent og fint – gåsehudfaktor. Og etter dette innslaget har eg ikkje mykje anna å seia.

– Ord blir fattige, seier Inge Halstensen etter endt konsert og utan å stela sitatet til Inge, så må eg få seia at det har han heilt rett i.

M Severin Tøkje
redaksjonen@marsteinen.no